



Årsmelding

for

Osterøy Idrottslag

2012

Hovudstyret 2012

Leiar: Ragnhild Balsvik	12
Nestleiar: Åse Bergheim	11/12
Controllar: Joachim Borge Solberg	11/12
Skrivar: Eystein Markmanrud	12/13
Styremedlem: Albert Slettebakken	12/13
Styremedlem: Torstein Mjelde	12/13
Styremedlem: John Erik Jørgensen	12/13
Styremedlem: Kristin Aasheim	12/13
Styremedlem: Vegard Nøttveit	12/13

Styrets arbeid

- Fellesmøte med gruppestyra i januar om ny strategiplan. Tema var m.a. mobbing og fråfall av ungdom.
- Opptak av lån på kr. 500.000,- til finansiering av traktor og utstyr til vedlikehald av banene.
- Styret utarbeidda og vedtok Antidopingpolicy for OIL.
- Styret arrangerte temakveld i april med motivator Kjell Tore Solvang. Diverre var det eit lavt oppmøte.
- Styret arrangerte fellesmøte i mai om bruk av intranettet.
- Nye nettsider på plass, levert av Argo internett.
- Styret sendte nytt brev til kommunen for å få utbetalt rest på kr. 250.000.- til Fugledalen. Kommunen vedtok utbetaling i 2013.
- Oppretta felles basistrening for alle gruppene i Osterøyhallen. Har vore dårleg oppmøte.
- Friidrettsgruppa laga til treningssamling på tvers av gruppene(avlyst grunna dårlig oppslutning).
- Jobba for å få nytt lysanlegg ved grasbana. Arbeidet held fram.

Styremøter

Det er avholdt 10 styremøte der 57 saker er behandla. I tillegg vart det heldt omframnt årsmøte for å velje dei to siste styremedlemma til hovudstyret og godkjenne styra til turngruppa og Spretten. Det har vore varierende oppmøte på styremøta dette året.

Vurdering av aktivitet i forhold til mål

Styret sine forsøk på å få til fellestrening og basistrening har ikkje fått den oppslutninga vi håpa på.

Økonomi

Laget sin økonomi vert vurdert av styret som god, til tross for store låneforpliktelsar. Alt internt mellomværande mellom gruppene er foreslått oppgjort. Sjå elles rekneskapet for 2012 i eige dokument.

Medlemstal

Medlemstal for 2012. Totalt 772 medlem, noko som er ei god auke frå 2011.

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	22	135	106	25	75	363
Menn	10	132	85	34	148	409
Totalt	32	267	191	59	223	772

Medlemsutvikling

	2008	2009	2010	2011	2012
Kvinner					
Menn					
Totalt		700	689	636	772

Gruppene sine kortversjonar av årsmeldingar følger:

Årsmelding 2012

OSTERØY IL HANDBALL

Styret har i 2012 bestått av:

Leiar: Lars-Erik Haga Nestleiar: Albert Slettebakken
Kasserar: Laila Borge Skrivar: Thor Eivind Mjelde
Styremedlem: Merethe Engstrøm Styremedlem: Roald Berentsen
Ungdomsmedl: Elin Kleppe Ungdomsmedl: Marina Børtveit

Valnemnd

Handballgruppa har hatt denne valnemnda: Barbro Lillejord og Irene Stokke.

Administrasjon

Styret har i driftsåret 2012 stort sett gjennomført eit til to styremøte kvar måned (med unntak av feriemnd.)

Medlemstal

OiL Handball var dette året på opptur att, og den 31.12.12 var medlemstalet stige med 21 medlemmar til 118 medlemmar.

Deltaking i cupar

I tillegg til seriespel, har dei fleste laga delteke på cupar: Julecup og felles tur til Storhamar der J10, J11, J13, J14 og J 15 var med i Storhamar Cup. I haust var 3 lag med på Førde Cup.

Trenarar

I løpet av 2012 har vi hatt disse trenarane: Marte Gjøstein, Anders Eriksen, Kenneth Flatås, Per Inge Lillejord, Jarle Vik, Herdis Helle, Ina D. Olsen, Thor-Eivind Mjelde, Renate Vedå Mjelde, Sylvia Nørloff, Tove Balestrand, Marina Børtveit, Alexander Solberg, Bjørn Bolset, Kjell Gjøstein, Veronika Birkeland, Elin Kleppe, Susann Torgersen, Hanna Slettebakken, Yvonne Drange og Kristinn Jonatansson. Det har vore svært vanskeleg å skaffa trenarar dette året, og det er framleis store utfordringar med å skaffa nye trenarar. Mange av desse yter hjelp når hovudtrenar ikkje har høve å møta.

Dommarar

Me har framleis nokre klubbdommarar. Desse har gjort ein framifrå innsats for klubben.

Serien

Denne sesongen har me 8 lag med i serien. Det er G7, J8, G8, J10, J11, J12, J13 og Damer. Me manglar J14-16.

Osterøyhallen – kampavvikling

Kampavviklinga i hallen går greit. Hausten 2012 har me forsøkt å halda fram med å fordela ansvaret på fleire av foreldra. No har me i alle laga ein Ansvarskontakt, ein Fair Play vert og ein Foreldrekontakt, som alle har gjort ein god jobb med å gjennomføra og skaffa foreldre til arrangementa, og foreldre har vore flinke til å stilla opp. Me kan nemna spesielt HaFo-turneringa som også i år vart avvikla på ein god måte.

Styret vil takka alle som har vore med å utføra små og store oppgåver for handballgruppa i året som har gått.

Med helsing
Lars-Erik Haga
Leiar
OIL Handball

Forkorta årsmelding for OIL friidrettsgruppa 2012

Styret - 2012:

Leiar	Marit Iren Reigstad (2012)
Nestleiar/sportsleg leiar	Helge Tysse (2012-13)
Kasserar	Børt Magne Trå (2012-13)
Skrivar	Åse Bergheim (2011-12)
Oppmann 6-10 år	Ann Chr. Reigstad (2011-12)
Oppmann 11-14 år	Herdis Helle (2011-12)
Oppmann junior/senior (15 år +)	Arne Reigstad (2012-13)
Styremedlem	Aina Mjøs (2011-12)
1. vararepresentant	Jørn Vad (2012)
2. vararepresentant	Bjarte Haugland (2012)
Valnemnd:	Øystein Borge, Karl Johan Reigstad, Ragnhild Balsvik

Utanfor styret:

Økonomiutval:	Børt Magne Trå (12-13), Helga Reigstad (12), Jørn Vad (12)
Arrangementsutval:	Karl Johan Reigstad (12), Sigbjørn Reigstad (12), Karoline Loftås (12)
Sportsleg utval:	Helge Tysse (12-13), Frank Loftås (12), Mats Elvik (12)
Rekrutteringsutval:	Herdis Helle (12), Frode Langhelle (12), Ann Kristin Borge (12)

Medlemstal

Pr. 1.1.2012 hadde gruppa 270 betalande medlemmar (262 pr.1.1.2011).

Det vart i løpet av sesongen registrert 197 medlemmar med teljande resultat gjennom sesongen.

På fellestreningane om måndagen på Osterøy stadion er det om lag 100 utøvarar fordelt på alle aldersgrupper.

Administrasjon

Styret:

Styret har i driftsåret 2012 hatt 5 styremøte og handsama rundt 50 saker. Styret har utanom møta hatt hyppig kommunikasjon per e-post.

Typiske saker har vore: Økonomi og sponsorar, OIL som NECON-klubb, rekruttering, trening/samlingar, stemmer/arrangement, samt klubbdrakter. Alle møta har blitt haldne i klubbhuset på Hatland.

Utvala:

I 2012 oppretta me eigne utval for økonomi, rekruttering, arrangement og det sportslege. Målet var at kvart utval skulle bestå av eitt styremedlem, ein foreldrerepresentant, samt ein person til. Dette klarte me nesten. Hensiktene med å oppretta utvala var mellom anna:

- Å ha ei tett oppfølging av områda klubben satsar på.
- Å få ei meir hensiktsmessig fordeling av arbeidet i klubben.
- Å avlasta styret ved at utvala handsamar mindre saker på sine respektive område.

Dette har fungert greitt, men vi ser at styret må gje utvala tydelegare instruksar om kva arbeidsoppgåver dei har.

Utvala har handsama saker som mellom anna sponsorkontraktar, utøvarkontraktar, planlegging og gjennomføring av mange arrangement, og planlegging av treningssamling på tvers av gruppene.

Konklusjon frå sesongen 2012

Friidrettsgruppa har hatt nok eit innhaldsrikt år. Osterøy IL fekk vere ein av 10 NECON-klubbar i 2012, noko som har gjort at vi har hatt mykje større fokus på klubb utvikling enn tidligare. Gruppa valde fire satsingsområde som vi har jobba godt med: Økonomi, å halde på ungdommane, rekruttere nye utøvarar og leiarrekruttering. Det gode arbeidet resulterte i at OIL kom på pallen i kåringa, eit administrativt høgdepunkt i 2012.

Sportslege høgdepunkt har det vore svært mange av i 2012. Mange av desse har utøvarane i Team Ungdom stått for, med Markus Loftås, Sigrid Borge, Hilde Åsheim og Martin Kåstad i spissen. Følgjande var nokon av dei aller største prestasjonane i 2012:

- Klubbrekorden til Sigrid Borge i spyd: 48,96, berre 4 cm i frå U20 VM-kravet.
- Markus Loftås si deltaking i U20 VM i Barcelona, der han gjorde eit godt individuelt løp og var med på å setja norsk juniorrekord på 4x400m.
- Hilde Åsheim sin bronse i Nordisk meisterskap på 10000m.

Det vart satt sju lagsrekordar i 2012, og fem utøvarar har oppnådd meir enn 1000 poeng i ei øving. Elles har medaljefangsten vore brukbar, både i kretsmeisterskap, UM, diverse NM og nokre nordiske konkurransar. I tillegg til Team Ungdom, har veteranane stått for mange av medaljane.

Blant dei yngre utøvarane våre har det også vore stor aktivitet og mange er med på trening, stevner og ikkje minst stafettar. På FRI-stafetten var det med 32 løparar i gute- og jenteklassane (11-17 år), 24 rekruttar, samt 21 vaksne. Fem av laga hamna på pallen. I Holmenkollstafetten stilte klubben med 3 lag. Kvinner senior vann gruppa si og rykka dermed opp att i eliteklassen.

Breiddesatsinga i friidrettsgruppa har fått eit oppsving med faste treningar for mosjonistar kvar torsdag på Brakvatne eller Hatland. Treningane har hatt god oppslutning, og fleire av dei som er innom har vore med på Holmenkollstafett og Brakvatnet halvmaraton.

På arrangementssida har det vore stor aktivitet med friidrettsleir, mosjonsløp og stevner. Friidrettsleiren får mykje skryt og vert gjennomført av våre unge leiarar som gjer ein fabelaktig jobb. NCC-leikane vart nok ein gong gjennomført på ein framifrå måte, og tilbakemeldingane har vore svært gode. Her er me prisgitt alle dei som bidreg med å fylle dei mange oppgåvene, både store og små, som skal utførast i eit slikt arrangement.

Økonomisk har det vore nok eit godt år. Økonomiutvalet har jobba godt på sponsorsida, og heile gruppa har gjort ein stor og god jobb med dugnadsarbeid og klubb utvikling. Spesielt NCC-leikane og friidrettsleiren er dugnadsarbeid som gir store inntekter. Som NECON-klubb fekk vi støtte for å vere blant dei ti utvalde klubbane, og pengepremie for å komma på pallen. Det aukande aktivitets- og prestasjonsnivået i friidrettsgruppa gjer at også utgiftene aukar. Å skulle oppretthalde dette nivået framover vert ei stor utfordring. Klubben får arrangera PEAB-leikane (tilsvarande NCC) i 2013, noko som gjev oss økonomisk tryggleik eit år til. Det året klubben mister dette arrangementet, vil vi med dagens kostnadsnivå gå med eit kraftig underskot. Derfor blir det stadig viktigare å utvikla alternative inntektsbringande tiltak og arrangementet i åra som kjem.

Sjølv om det er mange engasjerte personer i friidrettsgruppa som gjer ein framifrå innsats med å drive og utvikle gruppa, er vi avhengige av å rekruttera nye personar både på trenarsida og i organisasjonen elles. I vinter har fire medlemmar tatt aktivitetsleiarkurs, og vi har fire nye ungdommar i Ung:leder-programmet. Dette lovar godt for framtida.

Styret vil takka alle som har gjort ein innsats for gruppa i året som har gått og ynskja dykk lukke til med neste sesong!

Valestrand, 28. februar 2013

Marit Iren Reigstad
Leiar

Årsmelding - Sykkel- og orienteringsgruppa i OIL 2012

Styret

Styret i gruppa har vore i 2012:

Leiar: Johannes Bysheim

Kasserar: Arild Beckstrøm

Styremedlem: Ragnhild Balsvik

Sykkel

Det vart gjennomført ein del treningar for ungdom på våren, men det er noko utfordringar med gjennomføring sidan det er stort skilje i nivået. Samstundes er det behov for fleire som kan fungera som trenarar.

For vaksne vart det halde treningar tre gongar pr. veke frå april til Juni.

Oppmøtet var noko varierende, men mindre enn forventa med tanke på antall påmelde til Bergen – Voss.

Sykkellaget deltok på :
Nordhordland rundt
Bergen Voss
Askøy Rundt (familieritt)

Det var ingen registrerte medlemmar i 2012 grunna manglande utsending av faktura.

Orientering

Arbeidet med orienteringskart Lonevåg har teke nokre små steg framover. Vi har fått utdelt diverse grunnlagsdata gratis frå kommunen til grunnlagskonstruksjon, og ein del av kartet har fått ein grunnlagskonstruksjon som er utgangspunkt for synfaring. Synfarar Jan R Lien var nokre få turar i terrenget i haust, men pga ein hofteoperasjon kjem han ikkje ordentlig i gong før til sommaren.

3 medlem i gruppa har delteke i o-løp i 2013, med i alt 24 startar.

Økonomi

Ein har ikkje hatt inntekter i 2012, noko som har medført at hovudlaget har måtta dekkja lisens til særforbunda.

OSTERØY IDROTTSLAG SKIGRUPPA ÅRSMELDING 2012

Med i styret 2012

Øyvind Litland	leiar	valgt for 2012
Bernt Johan Flæsland	kasserar	valgt for 2011/2012
Øivind Aasheim	styremedlem	valgt for 2011/2012
Robert Skjerping	styremedlem	valgt for 2012/2013
Torstein Mjelde	styremedlem	valgt for 2012/2013
Johnny Mostrum	styremedlem	valgt for 2011/2012
Björg Braathen Reigstad	styremedlem	valgt for 2011/2012
Emil Hosøy	ungd.rep	valgt for 2012/2013
Kari Hestnes	vara	valgt for 2012

Styret har hatt 3 styremøter og handsama 18 saker.

REKRUTTERING

Også i år har det vore snøsamling på Geilo i desember med god deltaking. Det har også vore utøvarar på sommarskiskule i Meråker sommaren 2012.

Det har vore fellestrening 4 gonger i veka med barmarkstrening ,fjellturar og rulleski frå Kvisti .

Trenarar har vore Johnny Mostraum, Emil Hosøy, Eirik Brakvatne Mjelde og Lars Braathen Reigstad.

Faste smørjarar på alle renn der me har deltakarar, både på krets nivå og nasjonalt nivå er Øivind Aasheim og Bernt Johan Flæsland.

RESULTAT

Me har deltakarar på alle renn som vert skipa til Hordaland skikrins. Vidare har me hatt løparar på Norges Cup for junior, NM for junior, Hovedlandsrennet for 15 og 16 åringar, Ungdomens Holmenkollrenn for 13 og 14 åringar og Senior NM i stafett på Voss. Løparane våre hevdar seg heilt i toppen på krets nivå.

LYSLØYPECUPEN

Det var litt variable snøforhold i lysløypa denne sesongen, men det vart skipa til 4 renn. Premieutdeling var i Osterøyhallen.

LYSLØYPA/SKIHYTTA

Stort sett all barmarkstrening føregår i eller frå lysløypa. Rulleskitreninga går i all hovedsak frå Kvisti eller i nærmiljøet til løparane. Ellers varierer me utgangspunktet for fjellturane så godt det lar seg gjera.

Alle styremøter og andre møter har me i skihytta.

Det er utført vedlikehaldsarbeid i samsvar med behovet. Mykje skogshogst, grøfterensk og justering av traseen. Det er også satt opp nokre fleire lyspunkt.

Løypepreparering vert utført av Frank Skjerping.

INNTEKTER

Inntektene er som vanleg dei siste åra frå sponsorar, skiltreklame, draktreklame, stønad frå Idrettsrådet til vedlikehald og ikkje minst ein basar som mødrene til løparane driv og diverse anna.

Midlane frå Idrettsrådet vert nytta til det dei er tiltenkt og er svært vedifulle for oss.

SLUTTORD

Styret vil med dette takka grunneigarar, sponsorar og samarbeidspartnarar for eit svært godt samarbeid i 2012. Dette medfører at me kan gje alle som har interesse for langrenn, turgåing og rekreasjon eit godt produkt og tilbod heile året.

Skigruppa vil så langt råd er leggja til rette for å utvikla, byggja ut og vedlikehalda lysløypeområdet i samarbeid med grunneigarane til beste for alle.

Osterøy IL
Skigruppa
Haus 25.02.2013
Styret

Årsmelding for OIL Turngruppa 2012

Styret:

Leiar: Tor Olav H. Kalberg

Går ut.

Nestleiar: Elisabeth Tømt Kalberg

Går ut.

Kasserar: Jane Gullbrå

Ikkje på valg

Skrivar: Grethe Fjellskålnes

Ikkje på valg.

Styremedlem: Vegard Nøttveit

Ikkje på valg.

Styremedlem: Randi Flisram

Ikkje på valg.

Foreldregruppa:

Bente Rongved

Går ut.

Valnemd:

Elin Bergan

Kate Kollvangsnes

Randi Vevle

Me har hatt følgjande parti:

4-6 år , 7-9 år, 10-13 år, 14+ og Airtrack.

Alle partia har hatt treningstid i Osterøyhallen

Medlemstallet høsten 2011 har vore 102 – 26 gutter og 76 jenter.

Parti

Trenarar

5-6

Cathrine T Reigstad, Evelynn Lone, Anders Eriksen, Ingvild Geitrem, Britt-Elise Geitrem, Veronica

Lauvik

7-9

Christina Svenheim, Marte Vevle, Cathrine T Reigstad, Evelynn Lone, Kristin Presstun

10-13

Anette Hopsdal, Malin Vedå, Sølvi Ann Gjersad, Cathrine T. Reigstad, Baste Neu Hatland, Marius Sleipnes

14+

Marius Sleipnes

Airtrack

Michelle Bruvik

Aktivitatar-eigne arrangement

09.06.12 Oppvisning på Torgdagen i Lonevåg

09.12.12 Juleoppvisning

Stevner – konkurransar

Vår -12 **Gymfest i Vest Ungdom, på Sotra**
Tre gymnastar deltok fra OIL.

17. og 18.11.12 **Gøy i Turnkassen**
22 gymnastar deltok fra OIL.

Kurs

Vår -12 **Sikringskurs i Trampett i Turnkassen**
Cathrine og Evelynn

Dugnad

Vi deltok i Mobilretur, NIFs' aksjon for innsamling av brukte mobiltelefonar.

Sponsing

Vi søkte og fekk innvilga midlar frå Sparebanken Vest samt frå andre aktørar til innkjøp av Airtrack.

Me har starta med å framskaffa sponsorar til Osterøyspillet. Dette vil fortsetta i 2013.

Økonomi

Me har investert i Airtrack og egenkapitalen har dermed sunket. Vi har søkt om refusjon frå tippemidlar og håper å få refundert delar av kjøpesummen.

Framtidsplanar

Fortsette arbeidet med Osterøyspillet med målsetting å kunne starte salget i november 2013.

Tilstrebe å kunne lønne trenarar med attraktiv lønn.

Tilstrebe å anskaffe elektronisk registrering av medlemmer i f. eks. www.deltaker.no

Om mulig innleie ei planfase for bygging av Basishall i tilknytning til Osterøyhallen, for å frigjera hallkapasitet for andre idrettar og grupper.

Referent: Tor Olav Kalberg

Samandrag - Årsmelding OIL Fotballgruppa

Styret har i 2012 bestått av:

Leiar: Eirik Bergan

Leiar, sportsnemnd: Stein Roar Evensen

Nestleiar: John Erik Jørgensen

Leiar, salsnemnd: Mette Hannisdal

Sekretær: Roald Martinsen

Materialforvaltar: Jørn Fjellskålnes

Kasserar: Tore Langeland

Leiar sponsornemnd: Ronny Laastad

Medlemstalet for gruppa har vore om lag 350 dette året. I tillegg til seriespel har dei forskjellige laga deltatt på ulike cupar.

Eit av hovudmåla i Osterøy IL sin strategiplan er å behalde utøvarane etter at dei er fylt 16 år. Dette er eit mål fotballgruppa òg jobbar mot. Ved etablering av både eit senior damelag og eit B-lag på herresida har fotballgruppa opplevd auke – ikkje nedgang – av aktive utøvarar over 16 år. Dame- og B-lag er soleis viktige satsingsområder for fotballgruppa mhp rekruttering. Signaleffekten desse laga har nedover i systemet er udelt positiv, og me vil gjerne behalde dette tilbodet.

Sportsleg: Det vart eit godt år sportslig sett. Gode presentasjonar av alle våre aldersfastsett lag. Aktiviteten i Fugledalen har vore stor. A-laget vann si avdeling, og vart i tillegg kretsmeister i 5 divisjon. Me haustar no fruktar av "heimespøta-spelar-strategien" klubben har hatt dei siste åra. Mannskapet består utelukkande av spelarar frå Osterøy, og det er ei ung gruppe me vonar å behalde dei komande åra. Sportsnemnda, med leiar Stein Evensen spissen, har nok eit år lagt ned ein innsats som gjer at det er enkelt å vere trenar, tillitsvald og spelar i klubben.

Anlegg: Utstyr for vedlikehold av både gras- og kunstgrasbane er på plass – og i bruk – av ei nokså velfungerande banenemnd.

Miljø- og klubb-bygging: Det er i løpet av sesongen 2012 arrangert 4 impulsamlingar/trenarforum i Fugledalen. Desse har vore variert antall framømte på. Påfølgande klubbkveld på Osterøykroa har derimot samla mange aktive og tillitsvalde.

Økonomi: I henhold til strategiplan jobbar styret i fotballgruppa kontinuerleg med å sikre at gruppa skal ha ein sunn og god økonomi. Me har i løpet av 2012 erfart at det kostar pengar å oppretthalde eit såpass breidt tilbod. Spesielt tilvekstane i seniorfotballen har påført klubben ekstra kostnad. Sponsornemnda, leia av Ronny Laastad, har gjort sitt til at me møter dei auka kostnadane på tilfredsstillande måte. Auke i treningsavgifta gjer òg at me kan oppretthalda ønska aktivitetsnivå.

Av inntektbringande arrangement kan den årise Ribbecupen nemnast. I 2012 arrangerte me dessutan fotballskule i haustferien, noko me vil halda fram med. Økonominemnda, leia av Mette Hannisdal, har gjort ein god jobb med lotteri og kiosksal. Kiosken ved kunstgrasbana har våre open ved alle kampar.

Gruppa vil i 2012 få et underskot på ca 86.000 kroner. Styret reknar ikkje dette som kritisk. Det er god kontroll på kostnadene i gruppa. Underskotet kjem som eit resultat av at ein betydeleg del av sponsorninntektene er komen i form av nye spelardrakter til alle lag.

En stor takk til alle som har deltatt i det arbeidet som er lagt ned i alle ledd.

Eirik Bergan

Formann OIL Fotballgruppa